

Engler i snø

Jul i stovo VIII



Minna eg har med meg.



I dei siste åra har forordet handla om juletradisjoner, vennskap og julehefte.

Dei er alle viktige ting, og dei er ein del av jula og kvardagen min. I år har eg kjent på savn. Kva kan ein savna rundt jul, spør du kanskje? Og for meg er svaret at ja, det er mange menneske eg savner ved høgtida. Nokon døydde då eg var liten, nokre døydde siste året. Det er og folk eg savner vennskapet til.

No synes du kanskje dette høyres trist ut. Og savn kan vera trist, men det kan og vera ein god ting. Det held minna klare. Og med savnet kan gode minne få plass i kvardagen og. Men det er også savn å kjenna seg annleis og utanfor. Det å sjå andre som ser ut til å vera, eller å klara, noko du sjølv ikkje får til. Då eg gjekk i skulen, hadde eg mange slike kjensler. Eg kjente meg aleine, eg har dysleksi og lærte seint å lesa og mykje var vanskeleg. I alle desse små og større utfordringane var det savn, men ikkje berre savn. Der var fantasi, stahet og draumar. Og når kvardagen blir tung kan draumar vera ein av dei mest fantastiske ting. Og sper du dei med fantasi og varme minne, kan det løfta deg. Så no når jula nærmer seg så tenker eg, savner eg og drøymer mykje. For håp, draumar og glede er for meg jul og det eg varmer meg på. Eg ønskjer alle ei god jul, med fantasi, håp og draumar.

God jul fra Vidar

Jul bak den blå døra.



Malm Gråstein hadde jobba hardt med juleførebuingane for første gong på mange år.

Jula hadde pleid å vera aleinetid. Rett skal vere rett, til i sumar hadde omlag all tid vore aleinetid. Men denne sumaren hadde han mista hus og heim. Og der plutseleg, heilt utan hans eigen innsats, hadde naboer han ikkje hadde brydd seg mykje om vore der for han. Dei hadde hjelpt han å få nytt hus og å pussa det opp. Og oppe i det heile hadde han oppdaga noko rart, at han faktisk likte dei og deira selskap.

Huset med den blå døra var blitt veldig fin, måtte han vedgå. Det var egentleg rart alle kalla det for huset med den blå døra, for døra var ikkje blå. Kun karmene var blå, og han hadde lurt denne hausten på korleis døra hadde fått det navnet. Hadde døra eigentleg vore blå ein gong. Han stopper opp i juletrepyntinga og blir nok ein gong fanga i denne trivialiteten. Hard banking på døra riv Malm ut av tankerekka. Før han får kome seg ut i gangen, er Grantrullet alt inne og rister snø av seg i gangen. Snøen daler ned i store klumper rundt det krumbøyde trollet.





— Veit du, seier trollet. Eg trur det snør ute. Malm rister på hovudet. — Du seier ikkje det, kjem det bjeffande fra greinene ved beina til trollet. Ut i frå der kjem ein klump med snø, med rød nisselue på. Skogsnissen er ikkje nøgd i det han klekkes ut av ein stor snøball. Malm ler og finn ein varm kopp kakao. — Velkommen inn til varmen gitar, seier han. Dei luntrar inn i stova. I døra stopper dei to gjestane opp. Dei hadde aldri sett stova så lun, varm og full av kos før. Koselig er ikkje det dei tenker først på med Malm.



Dei finn seg godt til rette i kvar sin stol med kakaoén. — Trur du Heimkjær og Solgløtt klarer å nå bort hit, i slikt vær, spør nissen. Det var så vidt me kom oss hit og det var mest for at Grantrollet er så stort og stødig. — Det ligg i familien, seier trollet. Dei to himler med augo og ler. — Det var me ikkje i tvil om, seier Malm. Me får berre sjå det an. Klarer dei ikkje kome, er det meir på oss.

—Den store julefesten i skogen vert nok avlyst i år og, tenkjer eg, seier Grantrollet.

Det er ikkje vær for verken Huldra, Snøfe eller Fjøsningen å gå ut av hi i dag. Til og med Julenissen kjem nok til å slita med å nå rundt og få tid til julefesten i skogen. Dei sit tenksomt og nipper på kakaoen. Grantrollet har og funne ei ordentleg søt julekake han dypper i koppen.





Verken Malm, Skogsnissen eller Grantrollet hadde vore aktive på julefestane i skogen. Dei siste åra hadde dei invitert seg sjølve til Heimkjær Kollkar for julefeiring. Han hadde god mat og drikke og så pleide Limøya Solgløtt alltid skapa så god stemning. Men i år hadde dei gleda seg alle til å feira jul hos Malm. Malm kremter lett for at dei ikkje skal bli for tunge i sessen. —Eg går og dekker bordet. Så får me oss eit godt måltid me tre. Dei smiler til kvarandre. —Me hjelper til seier Skogsnissen og tørker krem frå skjegget.

Vinden leiker seg og pip i veggane på det lille huset, og ute må til og med mørket vika for snøens ville dans. Bordet er dekkka og dei set seg ned. — Dette er det flottaste julebordet eg har sett, seier Grantrullet. Heimkjær er flink med bordekkning han og, men dette er storarta. Vinden rister i dør og vegger og pip. — Veit du, seier Skogsnissen. Den snøen der ute leiker i vinden så vilt at det føles som det blir enda lysere. Grantrullet og Malm ser mot vindauga.



—Og det er som om vinden nesten syng,
seier Malm. Er det Glade Jul? Grantrollet
lytter nøye. Men han blir riven ut av det i det
vinden dundrer døra opp med eit brak.
Lyset på bordet vert blåst ut så talget spruter.
Det blei ikkje mørkt. Det vart lysare. Malm
gnir seg i augo og ser mot døra. Sang ruller
ut av snøen og lyset. Og ut av lyset ramler
mange skikkelser.





— God jul roper dei. Heimkjær og Solgløtt snubler inn med ei forfrossen hulder mellom seg. Ho er alltid dårlig til å kle seg. Snøfea, Julenissen og Fjøsningen snubler og inn. Til og med ekkorna, musene og julestjerna Aftenglød kjem glødande ut av snøen. — Oi, Malm klarer ikkje sei noko meir en det. Så tar han seg samman. — Kom og set dykk. Eg skal laga plass til dykk alle. Dei heng av seg ytterklede i gangen.

Nokon set seg ned og nokon hjelper til med pådekking av dekketøy og mat. Og alt til sprudlande glade toner. Det heile går av seg sjølve. Malm blir ståande i sangen og sjå på alt som skjer rundt han. — Grantrollet dulter han i armen og kviskrar. — Dette Malm, dette kjem til å bli ein storarta kveld. Eg vil tru ein av dei beste. Malm snur seg smilande mot Grantrollet. — Eg trur du har rett heilt rett. Denne kvelden, den blir den aller beste! Dei knuffer kvarandre i skuldra att og ler.



Snøengelen

Gangen er er våt etter far av smelta snø.
Små dammer frå sko og jakkekrager.
Dagen har vore kvit, kald og ein draum for dei
vågale på kjelker og brett. Borger har fått stor
medfart frå generaler og vinterens snøkncker. I
husa i gata er dei alle gått trøytt og glade i seng.
Mørket har lagt seg tidleg og den siste leiken
føregjekk i lyset av gatas staute voktere.



Ute i hagen er avtrykka frå
dagens leik. Ein snøman,
skumle drager, ei løve i snø
og ei rad med snøenglar.
Englane var det siste som
kom ut av dagens leik. Tuva
begynte å lage dei så snart
mamma ropte ho måtte inn.
Ho vann fem minutt ekstra
i snøen med den leiken. Og
englane vart kjempefine.
Ho smilte breitt for seg sjølv
når ho tenkte på dei, endå om
det vart mange sure ord frå
mamma.
Men det gjorde det nesten
bedre.





Snøen tar til å falle frå himmelen. Lysa i huset sløkkjes eit etter eit, som ei rad med domino som spreier seg over fasaden. Så er alt mørkt. Snømannen ser seg rundt. — Alt klart! roper han høgt og strekkjer på greinene. Leiken spreier seg over hagen att, men stille denne gongen.

Framfor døra reiser eine snøengelen seg og strekkjer på vengene.




Snøengelen ruller ein snøball og kaster i hovudet på snødragen, før ho flakser opp og set seg på taket. Dragen rister på seg og sender ei stor bølge av snø mot engelen. Ho ler og dukker. Det raser ned frå taket og fell på løva som no er blitt eit anna dyr. Utydeleg i fasongen og ut av proposjoner. Engelen kniser og legg seg på ryggen og sparkar ned meir snø fra taket.



No er og snømannen og dragen godt ut av proposjoner. Snøengelen ser opp og ser på snøen som fell og gløder i lyset frå gatas vokter, som framleis står i rett giv akt. Gatas voktere snur seg seint og ser på levenet før dei stramt retter seg opp att. Engelen flakser litt der ho ligg på taket. Ho spreier tærne og vifter med dei så snøen ligg i små klumper ved føtene. Taket er fint. På bakken bakser dei andre rundt. Etter ei stund kittlar ei solstråle ei grein og fyller ho med glitter.

Snømannen roper ut at dei må på plass før folk vakner. Engelen snur på hovudet og ser ned. Alt er dekkja av snø og det ser ikkje mykje ut som i går. Dei andre englane er alt heilt vekke. Ho flakser litt til og ler. Ho høyrer at dei begynner å vakne inne i huset. Ho ligg heilt stille og lytter, for så og lukke augene og gå inn i dagens søvn.





Ungane i nabolaget er begynt å springa ut att. Dei fyrste kjelkane svosjer alt ned bakken når Tuva kjem ut. Ho stopper og ser seg rundt. — Å nei! roper ho ut. Dei er heilt nedsnødde alle saman som var der dagen før. Mamma står i døra og rister på hovudet. Sjølvsaft er dei det, seier ho, det snør jo. Tuva spring ut. Så ser ho noko. — Mamma! roper ho. — Ja., seier mamma. — Kom og sjå. Tuva peiker.

Mamma drar jakken over seg og kjem ut. — Kva er det?. — Der oppe, på taket. Mamma ser. — Kva er det? Mamma ser og ser. — Er det ein snøengel? Mamma ser spørjande på Tuva. Korleis kom den på taket? Tuva ser på mamma. — Mamma dette er ikkje morosamt. Tuva ser strengt på mora. — Eg veit ikkje korleis engelen kom dit, Tuva, seir mamma. — Mamma. Tuva ser plutselig storøygd på Mamma. — Sjå Mamma. Det er ikkje fotavtrykk rundt engelen. Det går jo ikkje an. Dei ser på kvarandre. Eit drag av vind tar tak i håret deira og dei synst nesten å høyre at nokon ler.





Ser du meg?

Dikt Bente Bratlund

Tusenvis av stjerner
Millioner av stjerner
Og eg er ein liten prikk
under den store himmelen

Ser du meg?

Odas sine kokkosmakroner



Ingrediensar:

200 g sukker

200 g kokosmasse

2 egg

1ts vaniljesukker

Steikes på plate med papir på 175 grader midt i ovnen i ca 15 minutt.

Ha egg og sukker i ein bolle og visp saman til luftig eggedosis. Ha i kokkosmassene og rør til ein gjevn masse. Lag små topper av deig på plata med litt avstand mellom.

Steik dei. La kakene bli litt kalde før dei tas av bakepapiret.

Jonas si banankake

Ingrediensar:

150 g margarin

3 dl sukker

3 egg

3,5 dl kveitemjøl

1 ts bakepulver

1/2 ts kardemomme

2 Bananer

Rør samen røra.

Del bananer i skiver og stikk ned i røra.

Strø over sukker og kanel.

Banankaka steikest ved 175 grader i omlag ein time.

Steketid avheng litt av ovnen din.

Ta gjerne ein kikk etter 45 minutt for å sjå korleis det går med kaka.



Juleheftet er gitt ut i samarbeid med:



Cold Cat og Os kommune

Epiphany Bøker 2018 ISBN 978-82-93330-18-9

Meir om julehefta på www.epiphanyboker.no

<https://www.facebook.com/julistovo>

